



Hlm Arkitektur AS  
C. Sundts gate 1  
5004 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16 - 20/3444

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
17.02.2020

## **Igangsetjingsløyve (5) og løyve til endra plassering av mur mellom SGS2 og SGS5 - gbnr 137/821 Alver**

**Administrativt vedtak. Saknr: 057/20**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:** Hlm Arkitektur AS

**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing av arbeidet med oppføring av mur mellom SGS2 og SGS5 og løyve til endra plassering av mur, på følgjande vilkår:**

- 1. Mur vert godkjend plassert slik det går fram av plan- og profilleikningar av SGS2 og SGS5 mottatt 30.01.2020 og tverrprofil mottatt 14.02.2020.**
- 2. Rammeløyve av 19.07.2019 med vilkår gjeld elles for tiltaket.**

### **Tiltak**

Det er søkt om igangsetjingsløyve for mur mellom SGS2 og SGS5 i søknad mottatt 20.01.2020 (IG5). Tilleggsdokumentasjon mottatt 30.01.2020 og 14.02.2020 viser endra plassering av mur i forhold til gitt rammeløyve. Muren er no plassert langs SGS5 i staden for langs SGS2 som opprinnleg godkjend.

Det er gitt rammeløyve i vedtak datert 19.07.2019, igangsetjingsløyve (1) for veg- og grunnarbeid utanfor BOP3 og avgraving av matjord innafor o\_BOP3 i vedtak datert 23.08.2019, igangsetjingsløyve (2) for grunnarbeidet innafor o\_BOP3 i vedtak datert

24.09.2019, igangsetjingsløyve (3) for vass- og avløpsanlegget i vedtak datert 28.10.2019 og igangsetjingsløyve (4) for råbygg og sanitæranlegg i vedtak datert 05.02.2020.

### **Planstatus**

Plasseringa er vurdert å vera i samsvar med plangrunnlaget.

### **Nabovarsel**

Endringa er ikkje nabovarsla.

### **VURDERING**

Kommunen godkjenner endra plassering av mur slik det går fram av plan- og profildeikningar av SGS2 og SGS5 mottatt 30.01.2020. Utforming av mur går fram av tverrprofil mottatt 14.02.2020.

### **Nabovarsel**

Det vert vurdert at endringa i lita grad berører naboar sine interesser og at varsling kan unnlatast.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaksklasse slik det går fram av ansvarsrettar og gjennomføringsplan datert 20.01.2020.

Dato for samsvarserklæring skal førast på gjennomføringsplanen etter kvart som samsvarserklæringane ligg føre. Oppdatert gjennomføringsplan der dato er påført må sendast inn.

### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Alver kommune  
Hlm Arkitektur AS

Postboks 4                    5906  
C. Sundts gate 1           5004

FREKHAUG  
BERGEN

### **Mottakarar:**

Hlm Arkitektur AS

C. Sundts gate 1           5004

BERGEN